



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Eldrerådet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 21.11.2016  
**Tid:** 10.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roger Nedreklepp	Leiar	
Ingun Rusten Øye	Nestleiar	
Einar Børtveit	Medlem	
Jorunn Øvstebø	Medlem	
Inger Johanne Halkjelsvik	Medlem	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Svein Berg-Rusten	Ass. Helse og omsorgssjef i PS 17/16
Heidi Istad	Planleggar i PS 18/16
Bente Kristin Krøvel	Møtesekretær

I tillegg møtte ergoterapeut Karianne Sveen Orvik og sjukepleiar Kristina Foldal frå demensteamet.

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 15/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 16/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 17/16	Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020
PS 18/16	Varsel om oppstart av arbeid med arealdelen - Planid 2016005



## VOLDA KOMMUNE

- OS 21/16      **Orienteringssak**
- OS 22/16      **Helse og omsorg - svar på spørsmål frå Eldrerådet**
- OS 23/16      **Korleis gi våre eldre betre matomsorg?**
- OS 24/16      **Referat frå orienteringsmøte om tvungen helsehjelp etter pasient- og brukarrettslova kappitel 4A**
- OS 25/16      **Orientering om Fylkeseldrekonferansen 2016**

### SAKER TIL HANDSAMING

#### **PS 15/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

##### **Handsaming:**

**Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 21.11.2016**

*Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.*

#### **PS 16/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

##### **Røysting:**

**Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 21.11.2016**

*Møteprotokoll frå førre møte 26.09.2016 vart samrøystes godkjend.*

#### **PS 17/16 Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020**

##### **Handsaming:**

Ass. helse og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte om årsbudsjettet for helse og omsorgssektoren.

Innspel frå eldrerådet:

*Helse og omsorgssektoren har svært krevjande utfordringar framover, ikkje minst økonomisk.*

*Eldrerådet vil peike på det store gapet mellom sektoren sitt meirbehov for 2017 på 12. mill., og budsjettframlegget for 2017 på 2 mill. auka ressursar.*

*Eldrerådet vil uttrykke uro over manglande ressursar innan helse og omsorgssektoren.*

##### **Røysting:**



## VOLDA KOMMUNE

Børtveit møtte under handsaming av denne saka slik at der no vart fem røysteføre. Innspel til årsbudsjett 2017 frå eldrerådet vart samrøystes vedteke.

### **Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 21.11.2016**

*Helse og omsorgssektoren har svært krevjande utfordringar framover, ikkje minst økonomisk.*

*Eldrerådet vil peike på det store gapet mellom sektoren sitt meirbehov for 2017 på 12. mill., og budsjettframlegget for 2017 på 2 mill. auka ressursar.*

*Eldrerådet vil uttrykke uro over manglande ressursar innan helse og omsorgssektoren.*

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Saka vert lagt fram utan tilråding.*

## **PS 18/16 Varsel om oppstart av arbeid med arealdelen - Planid 2016005**

### **Handsaming:**

Planleggar Heidi Istad orienterte om prosessen rundt oppstarten av arbeidet med arealdelen.

### Innspel frå eldrerådet :

Arealdelen, 5,6 transport og kommunikasjon.

Arealstrategien for transport og kommunikasjon kulepunkt 5.

Dette punktet bør tilføyast: «funksjonshemma og eldre»

*Sikre gode trafikale forhold i bustadområda og vektlegge gang og sykkelveggar som sikrar trygg ferdsel for barn, unge, funksjonshemma og eldre.*

### Innspel frå eldrerådet :

*Legge til rette for bustader for eldre i heile kommunen.*

### **Røysting:**

### **Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 21.11.2016**

Arealdelen, 5,6 transport og kommunikasjon.

Arealstrategien for transport og kommunikasjon:

kulepunkt 5.

*Sikre gode trafikale forhold i bustadområda og vektlegge gang og sykkelveggar som sikrar trygg ferdsel for barn, unge, funksjonshemma og eldre.*

*Legge til rette for bustader for eldre i heile kommunen.*



## **OS 21/16 Orienteringssak**

### **Handsaming:**

Ergoterapeut Karianne Sveen Orvik og sjukepleiar Kristina Foldal orienterte eldrerådet om det nystarta demensteamet.

Demensteamet er eit lågterskeltilbod for alle over 65 år som bur heime.

Demensteamet er ei tverrfagleg gruppe av helsepersonell i kommunehelsetenesta som har ansvaret for utredning av personar ved mistanke om demens.

Teamet fyl opp heimebuande personar med demens og deira pårørande. I Volda kommune består teamet av to sjukepleiarar og ein ergoterapeut. Det vert jobba med at demensteamet også kan ha ein lege.

### **Vedtak i Eldrerådet - 21.11.2016**

*Orientering teken til vitende.*

## **OS 22/16 Helse og omsorg - svar på spørsmål frå Eldrerådet**

### **Vedtak i Eldrerådet - 21.11.2016**

*Eldrerådet tek orienteringa til vitende.*

## **OS 23/16 Korleis gi våre eldre betre matomsorg?**

### **Handsaming:**

Innspel frå eldrerådet:

Matomsorg.

*1. Ei god matoppleving er særst viktig for dei eldre.*

*2. Eldrerådet har gjennom 2016 fått ein del innspel om matkvaliteten ved omsorgssenteret, og har ved eit høve fått servert eit varmt måltid.*

*3. Eldrerådet ser gjerne at det vert sett fokus på særleg den varme maten, om denne for eksempel kan produserast ved institusjonen, slik at kvaliteten kan bli betre.*

*4. Eldrerådet kjenner til at saka har vore opp i driftsstyret. Eldrerådet viser og til brev frå forbrukarrådet av 21.04.16 om mat og måltidspolitik, og ber om at slik standard vert fastsett i kommunen.*

### **Røysting:**

### **Vedtak i Eldrerådet - 21.11.2016**

*1. Ei god matoppleving er særst viktig for dei eldre.*

*2. Eldrerådet har gjennom 2016 fått ein del innspel om matkvaliteten ved omsorgssenteret, og har ved eit høve fått servert eit varmt måltid.*



## VOLDA KOMMUNE

*3. Eldrerådet ser gjerne at det vert sett fokus på særleg den varme maten, om denne for eksempel kan produserast ved institusjonen, slik at kvaliteten kan bli betre.*

*4. Eldrerådet kjenner til at saka har vore opp i driftsstyret. Eldrerådet viser og til brev frå forbrukarrådet av 21.04.16 om mat og måltidspolitik, og ber om at slik standard vert fastsett i kommunen.*

### **OS 24/16 Referat frå orienteringsmøte om tvungen helsehjelp etter pasient- og brukarrettslova kappitel 4A**

**Vedtak i Eldrerådet - 21.11.2016**

*Eldrerådet tek orienteringa til vitende.*

### **OS 25/16 Orientering om Fylkeseldrekonferansen 2016**

#### **Handsaming:**

Eldrerådet diskuterte brukarutval og vil ta det opp på eit seinare møte.

#### **Røysting:**

**Vedtak i Eldrerådet - 21.11.2016**

*Eldrerådet tek referatet frå Pensjonistforbundet si fylkeslederkonferanse til vitende.*

*Eldrerådet vil i eit seinare møte ta opp sak om brukarutval.*

Møtet slutt 12.45

Rett utskrift

Volda kommune, servicekontoret

22.11.2016

Bente Kristin Krøvel

Møtesekretær